

Medlemsinfo desember 2024

FAGSAMLING SAU («småfesamling») vert arrangert 10. og 11. januar 2025 på Thon Hotell Jølster. Påmeldingfrist 19. desember. [Program og informasjon](#).

ÅRSMØTE I SFSG skal vere **FREDAG 21. Februar** på Thon Hotel Jølster, med påfølgjande fagdag **laurdag 22 februar**.

Saker som lokallaga ønskjer skal fremjast for årsmøte, må vere fylkesstyre i hende seinast 21. januar 2025 (1.månad før, i følgje NSG sine lagslover § 17.)

Årsmøte i lokallaga skal haldast innan 1. februar kvart år, og skal kunngjerast med minst 14. dagars varsel. Saklista skal og gjerast kjend for medlemmane.

Protokoll frå årsmøte i lokallaget, årsmelding og rekneskap skal sendast fylkeslaget innan 15. februar 2025. Lokallag som ikkje har levert protokoll frå Årsmøte i lokallaget, får ikkje stemmerett på fylkesårsmøte, då protokollen er einaste dokumentasjonen fylkeslaget har på at deltakaren på årsmøte til SFSG er vald som utsending.

Det er medlemstalet pr. 31.12.24 som er grunnlaget for tal utsendingar til fylkesårsmøte. Leiaren er sjølvskreven. I tillegg har lag med over 25 medlemmar rett på ein utsending pr. 25 medlemmar.

NB.NB. HUGS Å VELJE VARA TIL UTSENDINGANE, då utsendingane skal vere valde av årsmøte i lokallaget. Årsmøte i lokallaget kan IKKJE gje styret fullmakt til å velje utsendingar. Dei som kan møte som utsendingar med stemmerett på fylkesårsmøte, skal vere oppførde med namn i protokollen frå årsmøte i lokallaget. Pass på å velje rikeleg med vara, i nummerrekkefølge. IKKJE personlege vara.

UTTALAR FRÅ ÅRSMØTE I SFSG

Dersom det er lokallag som har saker (tema) som dei ønskjer at årsmøte i SFSG skal gje uttale på, så ber ein om at **forslag til uttale vert sendt styret i SFSG innan 17. februar 2025**.

Innkome uttalar vil verte tatt opp på årsmøte, som eiga sak.

BESØK AV STYRELEIAR OG DAGLEG LEIAR I NSG

Styreleiar Ronald Slemmen og dagleg leiar Borghild Hillestad ønskjer å besøke alle fylkeslag, for å treffe styra, for å møte medlemmar og faglaga m.m.. Denne gangen var det vår tur til å få besøk. Dei kom frå besøk hos Møre og Romsdal Sau og Geit. Torsdag 21. november tok vi dei med til Gaupne, der Luster Sau og Geit hadde laga til eit flott og informativt program. Her fekk dei møte lokallagsmedlemmar, leiarar og ordføraren i Luster. Dette var eit møte der alle medlemmar i SFSG var invitert til å kunne møte.

Etter møte i Luster var det fjøsbesøk i geitefjøsene til Jostein Flatland i Sogndalsdalen.

Fredag 22. november tok vi dei med til Kandalen i Gloppen kommune. Der var det besøk hos Kandal Kjøtt, fjøsbesøk hos Jørn Arne Vanberg og besøk i ysteriet til Per Kandal. Deretter gjekk turen heim til Leiaren i Vestland Bondelag, Gry Ingvild Agjeld, der det vart lunsj og besøk i sauefjøsene. Deretter deltok dei på «Geitehelga

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@eninvest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694

Sogn og Fjordane Sau og Geit



GEITEHELG 23. – 24. NOVEMBER 2024

Skei i Jølster

Lørdagen starta med tema « geita sin plass i NSG og framtida for geita » ved Ronald Slemmen, styreleiar og Borghild Hillestad, dagleg leiar

Etter ein god lunch var det Anders Felde frå Nortura som snakka om kva dei vil gjere for å heve prisen på kje og geit kjøtt. Det er eit klart mål frå Nortura si side å få opp pris.

Kraftfôr til mjølkegeit og ammegeit. Felleskjøpet v. Maria S. Åsbakken orienterte om korleis velje rett type.

Det som heilt klart fekk mest merksemd var « Geita i Tine, status og framtidsplanar » Marit Haugen, konsernstyreleiar Tine SA var med på Teams. Skulle etter plan vore på Skei , men kom ikkje på grunn av kanselert fly.

Tine jobbar med å finne nye produkt for geitemjølka, men i følge Haugen er det utfordrande, både å kunne auke pris og å finne nye markadar for geitmjølk.

Siste på programmet lørdagen var Eva Wallin, NSG. Her var tema jurvurdering mjølkegeit og eksteriørvurdering bukkekje.

Det var i underkant 50 deltakare på lørdagen, noko som vi var godt fornøgde med. Dette viser og at det er behov å ha slike samlingar.

Søndag var det fagdag hjå Ragnvald og Hilde Søgnesand. Ove Sørestrand, kåringsdommar held kurs i jurvurdering og eksteriørvurdering.

FYLKESMESTERSKAP GJETERHUND 2024

Meisterskapen vart arrangert av Sunnfjord og ytre Sogn gjetarhundlag i Kvammen i Askvoll 28. september. Egil Ove Helland frå Vik vant.

KÅRINGAR 2024

Det var arrangert 13 kåringsjå i september/oktober, med 144 utstillarar, 803 stilte lam og 683 kåra lam.

ØNSKJER ALLE MEDLEMANE EI RIKTIG GOD JUL OG EIT GODT NYTT ÅR

Styret i SFSG

Postadresse:
Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342
E-post: ragnhild.saele@eninvest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694